



A & R Rune Urne
Mårdalen 37
5236 RÅDAL

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3723 - 17/15612

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
26.05.2017

Utvida mellombels bruksløyve - gbnr 137/361 Alver

Administrativt vedtak. Saknr: 243/17

Tiltakshavar: Runar Erlend Hilland

Ansvarleg søkjar: A & R Rune Urne

Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 07.07.2009(rammeløyve).

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Carport, veranda og rekkverk.
2. Ferdigstilling av uteareal , mellom anna gjenfylling av grop ved terrasse mot sør.

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 30.09.2017.

Det vert elles vist til søknad motteken

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut utvida mellombels bruksløyve for heile tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring

| | |
|-----------------|------------|
| Adresse: | |
| Bygningstiltak: | Einebustad |
| Bygningsnummer: | 300070375 |
| Bruksareal: | 0 |
| Vatn/avløp: | Offentleg |



VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeveutvida mellombels bruksløyve for einebustad på gbnr 137/**361** på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket.
2. Ferdigattest skal liggje føre innan 30.09.2017.

Ved søknad om ferdigattest må dokument etterlyst i mellombels bruksløyve frå 27.01.2017 sendast inn.

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32.

Bygningen må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/3723

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi:

Runar Erlend Hilland

Ikenberget 11

5911

ALVERSUND

Mottakarar:

A & R Rune Urne

Mårdalen 37

5236

RÅDAL